

Månadsbrev til foreldra juni 2021

Vi har hatt ein fin start med førskulegruppa. Det ser ut som dei går fint i lag og det har vore kjekt med nye leikekameratar. Dei onsdagane vi ikkje har opplegg i kvernsteinsparken er vi på skulen, noko dei gler seg til. Nokre gongar er vi og i hallen. Vi har jobba litt med bokstavar og tal, mengde og begrep. Vi har jobba i trampolineboka og jobbar med å lære å ta imot felles beskjedar og å halde orden på sakene sine. Det var kjekt å leike med dei på SFO og bli kjend med skulen og klasserommet.



Kvar måndag og fredag er det tur dagar. Vi har hatt nokre fine turar i nærområdet. No i mai/ juni skal vi ha tema småkryp/ frosk og rumpetroll. Fredag 21. mai var vi til kleivevatenet for å sjå om vi fann froskeegg og rumpetroll. Då fann vi berre froskeegg og frosk. I går 2. juni var vi tilbake og no fann vi rumpetroll. Spanande å sjå utviklinga frå egg til frosk. Vi vil ta oss fleire turar dit for å sjå utviklinga.



Vi har vore i fjæra på gamle Hyllestad der vi ar vassa/bada, funne krabbar, fiska og kosa oss. Førskulegruppa har mykje spanande på gong. Vi har prosjekt: Frå egg til kylling med rugemaskin i barnehagen. Vi føl prosessen og tel ned til den dagen dei skal ut av egget. Ungane skal få vere med å lyse gjennom egga for å sjå etter liv. Vi har snakka om kvifor det er ulik farge på dei og samanlikna dei med fugleegg. Vi vil og ha fokus på å lære noko om dyre etikk og det å passe på å behandle dyr med respekt og tenke på dyra sine behov.



Ymse

- Vi vil prøve å få til ein dagstur til Langesjøen med kanopadling, grilling, fising og bading. De vil få nærmare beskjed om kva dag det blir seinare
- Førskulegruppa har eige telefonnr. de kan ringe: 90257272
- Det blir ein liten avslutning for barn og foreldra til førskulebarna veke 25. Dato kjem vi tilbake til

Så vil vi ynskje alle ein riktig god sommar og lukke til på skulen.
Ein fin gjeng.



